


KARMØY KOMMUNE
05. APR 1994
SAKSB. | PROSJ. | ARKIV

9302187/4
KARMØY KOMMUNE
04. FEB. 1994
SAKSB PROSJ ARKIV 503.0

MØTEBOK FOR KARMØY KOMMUNE, LANDBRUKSFORVALTNINGEN

| Møte: | Reg.nr.: | Int.saksnr.: |
|---|---|---|
| Delegasjon | 114994 0005 | 5/94 |

Saksbehandlar: Fagkonsulent Sven Kjetland.

SØKNAD OM OPPFØRING AV GARDSHUS, HUS NR. 2, GNR. 23, BNR. 2, NES PÅ KARMØY

Eigarar: Hans Nes, Mona Nes og Aina Nes, 4274 Stol.
Søkjarar: Aina Nes/Tor Austad, 4274 Stol.

Forvaltningssjefen ber i brev av 23.12.93 om landbruksnemnda si vurdering av plassering og nødvendighet av bygget.

Innleiingsvis nemner vi at landbruksnemnda er nedlagd frå 1. januar 1994, og at Hovudutvalg for tekniske saker no overtek deira funksjon.

Landbruksforvaltninga si handsaming av saka:

Fagkonsulent Sven Kjetland var på synfaring på bruket den 20.01.94. Då møtte også Aina Nes og Tor Austad.

Bruket ligg på Nes, ca. 1 km vestover frå riksveg 47. Det er tre søsken som eig bruket med ein ideell tredjepart kvar. Hans Nes driv bruket som deltidsbruk med grønsakproduksjon (gulrot) og sauehald. Bruket har iflg. tidlegare oppgåver ca. 24 dekar dyrka jord og 26 dekar gjødsla beite. I tillegg er det ein utmarksteig på ca. 65 dekar som er tilplanta. Denne ligg aust for viksveg 47 ca. 3 km frå bruket.

Bustadhuset på bruket er gamalt. Det har ei grunnflate på ca. 90 m² og er noko påbygd og ombygd. Mor til eigarane har burett i dette huset. Hans og Mona som er ugifte, bur også i dette huset. Søkjarane med to små barn, bur i eit mindre hus på bruket. Dette har ei grunnflate på ca. 35 m² og inneheld stove, kjøken, gang og to små soverom på loftet. Det har ikkje kjellar, og kan ikkje reknast som gardshus på bruket.

Driftsbygningen har ei grunnflate på ca. 150 m². Den er gamal og umoderne, og blir idag brukt som sauhus og delvis som pakkerom for grønsaker. Det er også sjøhus og ein nyare garasje på bruket.

Det nye huset er tenkt plassert på grunnlendt beiteareal ca. 100 m nordvest for noverande tun, i le av Nesvarden. Vi finn plasseringa brukbar ut frå jordbruksmessige synspunkt.

Vi finn og at det er trong for eit bustadhus til på bruket, det for å letta eit framtidig generasjonsskifte på bruket. Samstundes ser vi det spesielle i dette tilfellet ved at tre sysken eig bruket i lag.

Vi finn likevel å kunna tilrå at det vert gjeve byggeløyve for hus nr. 2. Føresetnaden er at det huset søkjarane no bur i ikkje er å rekna for heilårsbustad, men ein fritidsbustad som kanskje kan tena som tilleggsnæring for bruket ved korttidsutleige. Dette for å unngå at

| Møte: | Reg.nr.: | Int.saksnr.: |
|---|---|---|
| Delegasjon | 114994 0005 | 5/94 |

bruket seinare framstår med tre gardshus ved eventuell framtidig delingssøknad.

Vedtak:

1. Jordbrukssjefen tilrår godkjenning av byggemelding for hus nr. 2 på gnr. 23, bnr. 2 i Karmøy.

2. Jordbrukssjefen gjer merksam på at det vil vera svært vanskeleg å dele frå hus på bruket i framtida.

Utskrift blir sendt til:

Hans Nes m.fl., 4274 Stol
Aina Nes/Tor Austad, 4274 Stol

Saka blir sendt Karmøy kommune, forvaltningssjefen for vidare behandling.

RETT UTSKRIFT:
E. Torbjørnsen
Landbrukskontoret i Karmøy, Utsira og Haugesund
EVENTUELLE SPØRSMÅL ... TIL SAKSBEHANDLAREN

MØTEBOK FOR KARMØY KOMMUNE, LANDBRUKSFORVALTNINGEN

| Møte: | Reg.nr.: | Int.saksnr.: |
|---|---|---|
| Delegasjon | 114994 0005 | 5/94 |

Saksbehandlar: Fagkonsulent Sven Kjetland.

SØKNAD OM OPPFØRING AV GARDSHUS, HUS NR. 2, GNR. 23, BNR. 2, NES PÅ KARMØY

Eigarar: Hans Nes, Mona Nes og Aina Nes, 4274 Stol.
Søkjarar: Aina Nes/Tor Austad, 4274 Stol.

Forvaltningssjefen ber i brev av 23.12.93 om landbruksnemnda si vurdering av plassering og nødvendighet av bygget.

Innleiingsvis nemner vi at landbruksnemnda er nedlagd frå 1. januar 1994, og at Hovudutvalg for tekniske saker no overtek deira funksjon.

Landbruksforvaltninga si handsaming av saka:

Fagkonsulent Sven Kjetland var på synfaring på bruket den 20.01.94. Då møtte også Aina Nes og Tor Austad.

Bruket ligg på Nes, ca. 1 km vestover frå riksveg 47. Det er tre søsken som eig bruket med ein ideell tredjepart kvar. Hans Nes driv bruket som deltidsbruk med grønsakproduksjon (gulrot) og sauehald. Bruket har iflg. tidlegare oppgåver ca. 24 dekar dyrka jord og 26 dekar gjødsla beite. I tillegg er det ein utmarksteig på ca. 65 dekar som er tilplanta. Denne ligg aust for viksveg 47 ca. 3 km frå bruket.

Bustadhuset på bruket er gamalt. Det har ei grunnflate på ca. 90 m² og er noko påbygd og ombygd. Mor til eigarane har burett i dette huset. Hans og Mona som er ugifte, bur også i dette huset. Søkjarane med to små barn, bur i eit mindre hus på bruket. Dette har ei grunnflate på ca. 35 m² og inneheld stove, kjøken, gang og to små soverom på loftet. Det har ikkje kjellar, og kan ikkje reknast som gardshus på bruket.

Driftsbygningen har ei grunnflate på ca. 150 m². Den er gamal og umoderne, og blir idag brukt som sauhus og delvis som pakkerom for grønsaker. Det er også sjøhus og ein nyare garasje på bruket.

Det nye huset er tenkt plassert på grunnlendt beiteareal ca. 100 m nordvest for noverande tun, i le av Nesvarden. Vi finn plasseringa brukbar ut frå jordbruksmessige synspunkt.

Vi finn og at det er trong for eit bustadhus til på bruket, det for å letta eit framtidig generasjonsskifte på bruket. Samstundes ser vi det spesielle i dette tilfellet ved at tre sysken eig bruket i lag.

Vi finn likevel å kunna tilrå at det vert gjeve byggeløyve for hus nr. 2. Føresetnaden er at det huset søkjarane no bur i ikkje er å rekna for heilårsbustad, men ein fritidsbustad som kanskje kan tena som tilleggsnæring for bruket ved korttidsutleige. Dette for å unngå at

| Møte: | Reg.nr.: | Int.saksnr.: |
|---|---|---|
| Delegasjon | 114994 0005 | 5/94 |

bruket seinare framstår med tre gardshus ved eventuell framtidig delingssøknad.

Vedtak:

1. Jordbrukssjefen tilrår godkjenning av byggemelding for hus nr. 2 på gnr. 23, bnr. 2 i Karmøy.

2. Jordbrukssjefen gjer merksam på at det vil vera svært vanskeleg å dele frå hus på bruket i framtida.

Utskrift blir sendt til:

Hans Nes m.fl., 4274 Stol
Aina Nes/Tor Austad, 4274 Stol

Saka blir sendt Karmøy kommune, forvaltningssjefen for vidare behandling.

RETT UTSKRIFT:
B. Torbjørnsen
Landbrukskontoret i Karmøy, Utsira og Haugesund

EVENTUELLE SPØRSMÅL KAN RETTAST TIL SAKSBEHANDLAREN